

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Glommen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Fjaler kommune

Utval: Kontrollutval - Fjaler kommune
Møtedato: 21.05.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Møterom "Flekkje"
Møtenr.: 2/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, revisor i sak 11 og 12/12 og rådmannen i sak 11 og 12/12.

Melding til: Ordførar (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 57 82 22 90 eller 996 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

009/12: Godkjenning innkalling og sakliste.
010/12: Skriv og meldingar.
011/12: Årsrekneskapen 2011 – Fjaler kommune.
012/12: Årsrekneskapen 2011 – Fjalerhallen Driftselskapet.
013/12: Oppfølgingsliste 2-2012.
014/12: Eventuelt.

Fjaler 11.05.2012.

Magne Norddal
- Leiar -



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Glommen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|--|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

009/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.02.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 21.05.2012 | 009/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012.

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|-----------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 21.05.2012 | 10/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyet | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- SM 09-12: Vedtak kst sak 22/12 Kontrollutvalet årsmelding 2011.
- SM 10-12: Vedtak kst sak 20/12 Endring i økonomireglement for Fjaler kommune.
- SM 11-12: Tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet om Yksnebjør barnehage, datert 27.02.12

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Sekom - sekretariat

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.

12/215-3/K1-210//OLH
12/2724

Dykkar ref.

Dato:

23.03.2012

Kontrollutvalet - årsmelding 2011

Saka var handsama som sak 22/12 i kommunestyremøte den 19.3.12, og det var gjort slikt samrøystes vedtak.

19.03.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-022/12 VEDTAK:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Fjaler vert godkjend.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055



Sekom sekretariat

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
09/183-4/K1-145//OLH
12/2726

Dykkar ref.

Dato:
23.03.2012

Endring i økonomireglement for Fjaler kommune

Saka var handsama som sak 20/12 i kommunestyremøte den 19.3.12, og det var gjort slikt samrøystes vedtak.

28.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-017/12 : TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner endringane i økonomireglementet.

19.03.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-020/12 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner endringane i økonomireglementet.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055



Arbeidstilsynet

D.nr 12/1-4

J. ID 12/1853

VAR DATO
27.02.2012
DERES DATO

VAR REFERANSE
2012/3
DERES REFERANSE

1 av 2

SM 11-12

VAR SAKSBEHANDLER
Oddvar Mikalsen

YKSNEBJØR BARNEHAGE

6963 DALE I SUNNFJORD

Tilsynsrapport

Dette brevet er en rapport fra tilsynet hos YKSNEBJØR BARNEHAGE den 08.02.2012.

Hensikten med tilsynet

Tilsynet var en del av en nasjonal tilsynskampanje "Føre var". Hensikten med tilsynet var å kontrollere hvordan virksomheten forebygger arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplager. I tillegg ønsket vi å bidra til økt forståelse for og kunnskap om forebygging av arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplager.

På tilsynet ble følgende forhold kontrollert:

- kartlegging og risikovurdering, handlingsplan og tiltak
- organisering, tilrettelegging, variasjonsmuligheter, utstyr og tunge løft
- ansattes medvirkningsmuligheter
- opplæring
- rutiner for avvikshåndtering relatert til arbeidsmiljøforhold
- HMS-opplæring verneombud, daglig leder, eventuelt andre
- tilknytning til og bruk av godkjent bedriftshelsetjeneste

Oppsummering av tilsynet

Til stede fra YKSNEBJØR BARNEHAGE: Ingvard Flekke (repr. for rådmann), Sigrun Leirpoll (verneombud), Gro Rysjedal (styrer).

Til stede fra Arbeidstilsynet: Oddvar Mikalsen (Seniorinspektør).

Barnehagen arbeider med bl.a. følgende aktiviteter:

- Medarbeidersamtale hvert år
- Vernerunde (litt dårlig)
- Jevnlig møter mellom styrer og vo
- Medarbeiderundersøkelse (siste 2010, god skår, neste høsten 2012)

Det foregår en del oppussing av bygningsmassen. Neste som står på planen er avd. for 2-åring. I denne sammenheng er det viktig å tenke på ergonomi og støy (etterklangtid)

Arbeidstilsynet mener at det ikke er grunn til å gi dere varsel om pålegg for de temaene vi gikk gjennom under tilsynet. Vi gjør oppmerksom på at tilsynet ikke var en fullstendig gjennomgang av virksomhetens HMS-system, og at det er arbeidsgiverens ansvar å sørge for at helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet er forsvarlig.

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim
Norge

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211



Gi en kopi av dette brevet til verneombudet

Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljøloven §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttende ledd. Vi har derfor lagt ved en kopi av dette brevet som arbeidsgiver skal gi videre til verneombudet. Hvis virksomheten er under 10 arbeidstakere og har skriftlig avtalt ikke å velge verneombud, informeres ansattes representant.

Har dere behov for mer informasjon?

Dere finner mer informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no, eller dere kan kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom dere har spørsmål til saken deres, ber vi dere kontakte saksbehandleren. Oppgi referansenummeret 2012/3 hvis dere tar kontakt.

Med hilsen
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnestad
Tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
Seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til;
Virksomhetens verneombud

011/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 21.05.2012 | 011/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Fjaler kommune.
- Årsmelding. (Sendt frå adm.)
- Rekneskap 2011. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 25.04.2012.
-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Fjaler kommune, datert 21.05.2012.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Fjaler kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jolster, Naustdal, Solund og Stryn

”Utkast”

Til
Kommunestyret i Fjaler

Dale i Sunnfjord 21.05.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR FJALER KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Fjaler kommune er handsama i kontrollutvalet i Fjaler 21.05.2011.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 25.04.2012.

Årsrekneskapen er avgjeven av administrasjonssjef. Rekneskapen viser eit brutto negativt driftsresultat på kr. 8,576 millionar, og eit netto negativt driftsresultat kr. 7,781 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2,050 mill.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 201,351 mill. Rekneskapen viser kr. 220,162 mill. Det er særleg posten ”Overføringar med krav til motytingar” som har stort avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 196,705 mill. Rekneskapen viser kr. 211,587 mill. Postane ”Lønsutgifter” og ”Overføringar” har dei største avvika.

Revidert budsjett for eksterne finanstransaksjonar var kr 11,6 mill. Rekneskapen viser kr. 11,4 mill.

Netto driftsresultat er kr. 4,166 mill. betre enn budsjettet.

Av årsrekneskapen går det fram at einingane med få unntak har resultat med lite avvik i høve til justert budsjett. Vi viser til årsmeldinga side 21 for detaljar.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka meirforbruk kr. 572.838,17. Det må finnast budsjettdekning for dette beløpet. Det vert vist til presisering i revisjonsmeldinga. Det vert også vist til årsmeldinga side 17.

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|---------------|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Om investeringsprosjekt har revisor også i presisering i revisjonsmeldinga minna om Økonomireglement pkt 4.6 for Fjaler kommune om handsaming av ferdige prosjektrekneskap. Kontrollutvalet vil følgje dette opp i 2012.

Gjeldsgrada til kommunen har auka frå 78,4% i 2010 til 83,4% i 2011. Kommunen synest ikkje å ha problem med å handtere lån. Av årsmeldinga går det fram at største delen av auka gjeldsnivå er auke i pensjonsforpliktingar. Av årsmeldinga går det også fram at totalt disponerte ubrukte lånemidlar er redusert, og at dette syner at ein har betra kapasitet til å gjennomføre planlagde prosjekt/tiltak. Jfr. årsmeldinga side 19.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Jfr. balansen.

Vi viser til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å forklare rekneskapen på ein god måte.

Vi viser til revisjonsmeldinga. Revisor har to presiseringar i revisjonsmeldinga.

Med presiseringane som revisor har gjort, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Fjaler kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Magne Norddal
-leiar-

Anny Mari Holm Solheim
-nestleiar-

Geir Tessem

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|---------------|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

Fjaler kommune
Kommunestyret v/ordfører

6961 Dale

| | | | | |
|----------------------------|-------------------------------|-------------------|--------------------------|---------------------------------|
| Dykkar ref.: Rekn311211 | Vår ref.: Revmeld 2011/ame | Arkivkode: 212 | Journalnr.: 2012/0019 | Dokumentdato: 25. april 2012 |
|----------------------------|-------------------------------|-------------------|--------------------------|---------------------------------|

REVISJONSMELDING 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Fjaler kommune, som er samansett av balanse pr. 31. desember 2011, driftsrekneskap som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 7.780.770,91 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 2.049.859,93, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.11, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheit eller feil.

Revisor sine oppgaver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheit eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta,

er formålstenlege, og om rekneskapestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Fjaler kommune pr. 31. desember 2011 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i vesentleg grad stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og for øvrig i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har verknad for våre konklusjonar ovanfor, vil vi komme med fylgjande presiseringar:

Investeringsrekneskapen for 2011, er gjort opp med manglande finansiering på kr. 572.838,17,- som kommunestyret må finne dekning for.

Vi minner om Økonomireglement pkt. 4.6 for Fjaler kommune om handsaming av ferdige prosjektrekneskap.

Hyllestad, 25.04.2011

Kommunerevisjonen
Teje Førde og Samkjøp
Postboks 487, 6801 Førde
Teje Førde
revisjonssjef

Revisjonsleder

Aud Marit Nyland Eide
Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

012/12 REKNESKAP 2011 - DINGEMOEN IDRETTSPARK DRIFTSSKAP

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 21.05.2012 | 012/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

- Årsrekneskapen 2011 m/notar.
- Årsmelding 2011.
- Revisjonsmelding frå KRYSS- Revisjon datert 20.04.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 20.04.2012.
- Årsrekneskapen 2011 bør godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN:

Saksutgreiing

REKNESKAP 2011 - DINGEMOEN IDRETTSPARK DRIFTSSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Dingemoen Idrettspark Driftsselskap.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen m/notar og årsmelding for Dingemoen Idrettspark Driftsselskap er avlevert av styret. Årsmeldinga er datert 21.03.2012 og rekneskapen er datert 03.05.2012. Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon er datert 20.04..2012.

Selskapet har eit overskot på Kr. 50.752,-. Driftsselskapet vil i årsmeldinga innstille på å disponere overskotet som fylgjer: 25.000,- blir overført til Dale IL, og kr 25.752 blir verande i driftsselskapet som styrking av eigenkapitalen i selskapet. Dette er i samsvar med den fordelinga som er gjort i rekneskapen.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding ligg føre og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Revisor har ikkje presiseringar til rekneskapen. Det vert vist til revisjonsmeldinga.

Revisor vil vere til stades under handsaming av saka i kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet ikkje bør ha merknader til rekneskapen slik han ligg føre.

Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark
v/Vidar Samuelsen

6963 Dale

| | | | | |
|--------------------------------|--------------------------|--------------------|---------------------------|-----------------------------|
| Dykkar ref.: Rekneskap 2011 | Vår ref. : Brev17/ame | Arkivkode : 212 | Journalnr. : 2012/0017 | Dokumentdato: 20.04.2012 |
|--------------------------------|--------------------------|--------------------|---------------------------|-----------------------------|

REVISJONSMELDING 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark, som består av balanse pr. 31.12.2011, resultatrekneskap som syner eit positivt driftsresultat på kr 50.752,- etter finansutgifter og finansinntekter og noteopplysningar.

Driftsselskapet Dingemoen Idrettspark sitt ansvar for årsrekneskapen

Driftsselskapet Dingemoen Idrettspark er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som driftsselskapet finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for driftsselskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av driftsselskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår mening er årsrekneskapen lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til driftsselskapet Dingemoen Idrettspark pr 31.desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk.

Uttale om andre forhold

Årsmelding

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane sine i samsvar med lov og god rekneskapsskikk.

Hyllestad, 20.04.2012


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

Fjalerhallen Driftsselskapet

Resultatregneskap

| NOTER | Driftsinntekter og driftskostnader | 2011 | 2010 |
|-------|---|-----------------------|-------------------------|
| | Leigeinntekter | 531 534 | 536 034 |
| | Reklame og sponsorinntekter | 26 000 | 46 000 |
| | Tilskot | 439 448 | 443 440 |
| | Andre inntekter | <u>0</u> | <u>43 101</u> |
| | Sum driftsinntekter | <u>996 982</u> | <u>1 068 575</u> |
| 1, 4 | Lønskostnad | 93 505 | 102 362 |
| | Administrasjonskostnader | 39 954 | 31 411 |
| | Annan driftskostnad | <u>812 943</u> | <u>827 060</u> |
| | Sum driftskostnader | <u>946 402</u> | <u>960 833</u> |
| | Driftsresultat | <u>50 580</u> | <u>107 742</u> |
| | Finansinntekter og finanskostnader | | |
| | Anna renteinntekt | 3 155 | 4 208 |
| | Annan rentekostnad | 2 002 | 109 |
| | Annan finanskostnad | <u>981</u> | <u>1 217</u> |
| | Netto finansresultat | <u>172</u> | <u>2 882</u> |
| | Resultat før skattekostnad | <u>50 752</u> | <u>110 624</u> |
| | ÅRSRESULTAT | <u>50 752</u> | <u>110 624</u> |
| | OVERFØRINGAR | | |
| 2 | Overført Dale Idrettslag | 25 000 | 63 450 |
| 2 | Overføring annan egenkapital | <u>25 752</u> | <u>47 174</u> |
| | Sum overføringer | <u>50 752</u> | <u>110 624</u> |

Fjalerhallen Driftsselskapet
Balanse pr. 31. desember

| NOTER | EIGEDLAR | 2011 | 2010 |
|-------|------------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| | Omløpsmidlar | | |
| | Varelager | <u>500</u> | <u>500</u> |
| | Krav | | |
| | Kundekrav | <u>358 608</u> | <u>374 254</u> |
| | Sum krav | <u>358 608</u> | <u>374 254</u> |
| | Bankinnskot, kontanter og liknande | <u>75 392</u> | <u>90 833</u> |
| | Sum omløpsmidlar | <u>434 500</u> | <u>465 587</u> |
| | SUM EIGEDLAR | <u>434 500</u> | <u>465 587</u> |
| | EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| | Eigenkapital | | |
| | Opptent eigenkapital | | |
| 2 | Annan eigenkapital | <u>415 588</u> | <u>389 836</u> |
| | Sum opptent eigenkapital | <u>415 588</u> | <u>389 836</u> |
| | Sum eigenkapital | <u>415 588</u> | <u>389 836</u> |
| | Gjeld | | |
| | Korsiktig gjeld | | |
| | Leverandørgjeld | 663 | 56 169 |
| | Skuldige offentlege avgifter | 7 174 | 6 561 |
| | Anna kortsiktig gjeld | <u>11 075</u> | <u>13 021</u> |
| | Sum kortsiktig gjeld | <u>18 912</u> | <u>75 751</u> |
| | Sum gjeld | <u>18 912</u> | <u>75 751</u> |
| | SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | <u>434 500</u> | <u>465 587</u> |

Dale, 03.05.2012

 Vidar Samuelsen
 Styreleiar

 Alf Magne Salbu
 styremedlem

 Anita Nyland Skaar
 styremedlem

 Marit Øen
 styremedlem

 Frank Vik
 styremedlem

Fjalerhallen - Driftsselskapet

Notar til rekneskap 2011

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa beskrivast nedanfor:

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Verksemda sine eigedelar og gjeld består av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmidlar vurderst til kostpris, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet ventast å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig.

Omløpsmidlar vurderast til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

For tida er det ingen anleggsmidlar i selskapet.

Note 1 – Tal tilsette, godtgjerdslar, lån til tilsette m.m.

| | | |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Ytingar til leiande personar | Løn | Sum |
| Dagleg leiar | 104 234 | 104 234 |
| Styret | 10 000 | 10 000 |
| Lønskostnad | 2011 | 2010 |
| Løn | 113 376 | 121 384 |
| Arbeidsgjevaravgift | 12 018 | 12 867 |
| Refusjon lønskostn. frå Dale IL | -31 889 | -31 889 |
| Sum | 93 505 | 102 362 |

Ca. 25 % av lønskostnad dagleg leiar vert refundert frå Dale Idrettslag.

Note 2 – Eigenkapital.

| | | |
|------------------------------|--------------|---------------|
| | 2011 | 2010 |
| Eigenkapital 01.01.: | kr 389.836.- | kr 342.662.- |
| Overskot | kr 50.752.- | kr 110.624.- |
| Overført til Dale Idrettslag | kr - 25.000 | kr - 63.450.- |
| Eigenkapital 31.12.: | kr 415.588.- | kr 389.836.- |

Fjalerhallen - Driftsselskapet

Note 3 – Varige driftsmidler


| | Traktor |
|--------------------------------|------------------|
| Anskaffelseskost 1.1. | 430.032.- |
| Avgang i året | 0.- |
| Tilgang i året | 0.- |
| Anskaffelseskost 31.12. | 430.032.- |
| | |
| Samla ordinære avskrivningar | 430.032.- |
| Bokført verdi 31.12 | 0.- |
| | |
| Ordinær avskrivning i året | 0.- |

Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar i året for 2011 , med kr 8.000.-.

Note 4 – Obligatorisk Tenestepensjon

Verksemda er ikkje pliktig å ha obligatorisk tenestepensjon, og har det heller ikkje.



DALE IDRETTSLAG

Referat frå årsmøte i Dale idrettslag

Stad: Fjalerhallen

Tid: søndag 18. mars 2012

Sak 1: Opning

Leiar Marit Øen ønskte velkommen opna møtet.

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjent utan merknad.

Sak 3: Val av ordstyrar og referent

Arve Helle vart valt til ordstyrar, Hilde Genberg referent.

Sak 4: Val av 2 personar til å skrive under møteboka

Mari Kyrkjebø og Marit Øen vart valde til å skrive under protokollen for årsmøtet.

Sak 5: Årsmelding

Årsmeldinga for idrettslaget vart lesen høgt og møtet såg gjennom gruppene sine meldingar. Årsmeldingane til Dale IL vart godkjent med 2 endringar:

- 1) Det er ikkje er god nok praksis at folk er registrerte som medlemmer, utan å ha betalt kontigent. Hovudstyret skal sørge for at vi får rutinar for dette innan 1. mai.
- 2) Vedrørande Norddalen skisenter: kasseraren sit i styret.

Sak 6: Rekneskap

Rekneskapen er ikkje ferdig revidert. Leiaren fekk rekneskapen torsdag kveld. Årsmøtet godkjenner rekneskapen under føresetnad av at revisorane godkjenner rekneskapen. Hovudstyret må følge opp Økonor Hafs, for å sørge for at idrettslaget får tertialrapportar i løpet av året.

Styret skal søkje om midlar (også til drift) frå diverse stiftingar, slik som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler.

Vedtak:

Overskot i Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark for 2011 er vedteke å fordelast slik: Kr. 25.000,- vert overført til Dale IL, kr. 25.752,- vert verande i driftsselskapet for styrking av eigenkapital.

Sak 7: Budsjett

Årsmøtet gir hovudstyret fullmakt til å godkjenne budsjettet for 2012.

Sak 8: Innkome framlegg

Årsmøtet gir tilslutning til forslaget frå Johan Løseth om å gjenopprette skigruppa.

Sak 9: Val

Valnemnda sitt framlegg vart vedteke med følgjande endringar/kommentarar:

Handball: Handballgruppa får fullmakt til å supplere dei som manglar. Styret konstituerer leiar og nestleiar sjølv.

Volleyball: Gro Fivesdal er også med i styret.

Revisor/Fotball: Nina Aas kan ikkje vere både revisor og gå inn i styret i fotballgruppa. Hovudstyret får fullmakt til å sørge for at revisorar er uavhengige.

Valnemnd: Marit Gudmundsos er leiar og Ingunn Hilde Hovland er nestleiar.

Driftsselskapet: Vidar Samuelsen er vald for 2 år, ikkje 1.

Sykkel: Ståle Bratteid er vald for 2 år, ikkje 1.

Ski: Åge Løseth vald for 2 år, Johan Løseth vald for 1 år.

Årsmøtet er glad for at folk stiller til val, og applauderte spesielt leiar Marit Øen og driftsleiar Vidar Samuelsen.

Dale 21. mars 2012

Marit Øen

Mari Kyrkjebø

013/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 11.05.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 21.05.2012 | 013/12 | - | Ja |
| Formannskap | | - | - | |
| Kommunestyre | | - | - | |

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Fjaler.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2012 Fjaler vert teken til vitande

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 11 mai 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2012 - Fjaler.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Fjaler kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|----------|---------|---|
| 23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak | 06.11.09 | | 06.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 06.11.09 Brev til Fjaler kommune - Orientering frå adm -tilsynsrapportar frå fylkesmannen -tertialrapportar -rapportar sjukefråvær -orientering frå revisor -kvalitetsrapportar vedr revisor. |
| 02/11 Forvaltningsrevisjonsrapport "Kontroll av økonomistyring – inntektssida" | 28.02.11 | | 28.02.11 Rapport sendt over til KS. 23.03.11 Vedtak i KS – "Rapport teken til følge" |
| 019/11 Budsjett for kontroll og tilsyn 2012 | 16.11.11 | | 16.11.11 Vedtak KU: Budsjett tilrådd til KS 17.11.11 Budsjett sendt til KS |
| 020/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkostberekningar – VAR sektoren – tinging. | 16.11.11 | | 16.11.11 Vedtak KU: Tinginga for prosjektet "Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren" vert godkjent. - Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. - KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 17.11.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon. |
| 021/11 Overordna analyse. | 16.11.11 | | 16.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon. |
| 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste. | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU – Godkjent |
| 002/12 Skriv og meldingar | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande |
| 003/12 Møteplan for kontrollutvalet i Fjaler | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU – Godkjent med endrignar. |
| 004/12 Vurdering av oa revisor. | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak Ku – Teke til vitande. |
| 005/12 Orientering frå revisor | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU Teke til vitande |
| 006/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet | 29.02.12 | | 29.02.12 Tilråding til kst. 02.03.12 s kst. |
| 007/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – fjaler | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande |
| 008/12 Eventuelt | 29.02.12 | | 29.02.12 Vedtak KU – Alle dok til fmsk også til G Tessem. 03.02.12 Brev til kommunen. |
| 009/12 Godkjenning av innkalling og sakliste | 21.05.12 | | |
| 010/12 Skriv og meldingar | 21.05.12 | | |
| 011/12 Årsrekneskapen 2011 – fjaler kommune | 21.05.12 | | |
| 012/12 Årsrekneskapen 2011 – Dingemoen ip | 21.05.12 | | |

| | | | |
|--|----------|--|--|
| 013/12 Oppfølgingsliste 2-2012 Fjaler | 21.05.12 | | |
| 014/12 Eventuelt | 21.05.12 | | |
| | | | |
| | | | |

Oppdatert 11.05.12.

014/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 11.05.2012

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 21.05.2012 | 014/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.